

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 59/2004

Møtedato: 8.12.04

Arkiv nr: S 568 og S 563

S 568 Kvitehaugen, søknad om kårsel

Gunnar Hauge søker om å få bygge kårsel på stølen i Kvitehaugen. Frå før er det eit sel på 75 m², skåle på 15 m², løe på 18m² og fjøs på 42 m². Søkjaren har ikkje laga detaljerte teikningar av selet før han veit om og kvar han få byggje. Han har skissert at selet blir ca 4,5m x 8,5 m inkludert ei lita uisolert bu.

Hauge fremma i utgangspunktet søknad med plassering av kårselet mellom stølstunet og løa. Fjellstyret ynskjer at hus så langt det er mogeleg blir plassert i ei tunløysing. Hauge vart derfor kontakta for at han kunne vurdere ei anna løysing. Fjellstyret har også kontakta stølsnabo Jorunn Ring Oelschlägel for å eventuelt å drøfte ei grensejustering for å få plass til selet i stølstunet.

Hauge, Oelschlägel og Ranum såg på saka under befaring den 20.9.04. Ein fann då ei løysing ved at Hauge får overta ca 0,5 daa ved tunet og at Oelschlägel i staden får att eit mindre tillegg ved fjøs sitt. Oelschlägel har lagt fram to ulike alternative løysingar som ho kan godta. Det ein alternativet gjer at innkjøringa til jordet blir øydelagt, og det er då ein føresetnad at Hauge lagar til ny innkjøring. Det er også føresetnad at Hauge gjerder inn tilleggsarealet han får vist ut. Oelschlägel ynskjer i utgangspunktet at kårselet blir plassert slik at innkjøringa ikkje blir øydelagt.

Mindre grensejusteringa som det er tale om her blir etter avtale med Statskog avgjort av fjellstyret utan saka blir lagt ut til offentleg ettersyn.

Statskog skriv i e-post datert 3.12.04følgjande: *Dersom fjellstyret mener det er behov for kårsel, har jeg ikke merknader til bygging og at fjellstyret ordner endringen som mindre grensejustering.*

Stølen er i bruk og skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Vedtak:


Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og godkjenner søknaden etter § 13 i stølsforskriftene. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

Fjellstyret godkjenner grensejustering ved stølstunet til Hauge etter alternativ 2. Dette gir eit betre løysing for Hauge utan at det blir for store ulemper for Oelschlägel. Vilkåret er at Hauge opparbeidar ny innkjøring.

Fjellstyret godkjenner grensejustering for stølen til Oelschlägel. Fjellstyret meiner det blir ei betre løysing ved å vise ut eit større areal slik at det blir ei rett line frå løe til knekkpunkt på gjerde, vist med stipla line.



Tillegg til S 568



Tillegg til S 563

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 9.12.04

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Vestre Slidre kommune
Gunnar Hauge. 2967 Lomen
Jorunn Ring Oelschlägel, Snarøyv. 131 f, 1367 Snarøya